

MED GUDS ORD OVER LANDEGRENSER

Læstadianismen kjem til Lyngen



Arkivfoto Nord-Troms Museum.

Seinhausten 1848 kom dei to første læstadianar-predikantane til Skibotn i Lyngen, utsendte av læremeisteren sjølv, Lars Levi Læstadius, som då var prest i Karesuando i Nord-Sverige. Desse to var Per Andersson Nutti (Antin-Pieti) og Johan Mattis Naimakka, begge frå Sikkavoupio. Dei blei snart etterfølgt av mange fleire. Læstadianismen spreidde seg fort frå Nord-Sverige til Nord-Norge etter dei gamle ferdselsvegane her.

• Av Reidun Mellem •

Haustmørket kom sakte sigande ned over dei vide viddene, strauk ut linjene i landskapet, skapte småkratt og stein om til svarte skyggar. Langt der framme skaut Saana-fjellet krumryggen sin mot himmelen. Dei første stjernene blinka fram og forsvann i stadig gjømsleik mellom gråskyende. Den sure vinden ville enno ikkje gje seg. Heile dagen hadde han stått imot frå nordvest, kasta stikkande frostgufs bein i ansikta på det lille reisefølget, iblanda all laussøen han enno kunne sleike fram mellom rabbane. Ville visst halde dei att, såg det ut for, jage dei tilbake til varmen framfor grua heime i Sikkavoupio.

Tidlig i gråskjønninga var det då dei i går la ut på ferda, utsendingar var dei, utsendinger med Ordet til naboane i vest. Friendane i landet der ute ved havet, sendt av han som for snart tre år sidan hadde tent Ordets lys for dei, presten i Karesuando, han Lars Levi Læstadius.

Den framste kjørereinen langa ut i jamn fart. Han hadde sprunge denne vegen mange gonger før, ned til Skibotn i Lyngen. Hovudet med den mektige hornkrona køfta seg stolt i veret, liksom svevde gjennom lufta, medan føtene dansa den hardtrakka kjørevegen så snøen spruta under klauvene. Kjøre karen let tau-

mane henge, innsokken i eigne tankar. Kva var det han hadde sagt, læremeisteren? Du Antin Pieti og du Johan Mattis skal bringe Ordet til folket der ute ved havet. Guds nådes lys skal renne opp også over fjellradene i Lyngen. Dei hadde nok prøvd å trekke seg unna, prøvd å få ei utsetting, men han hadde vore fast:

Akkurat no, i året 1848, når reinflokkane på seinhausten har nådd vinterbeita sine, då er tida inne til å dra.

Så fikk det bli slik, det var inga hjelp i å gruve seg, no var dei på veg.

Anti-Pieti snudde seg halvvegs i pulken, såg etter kameraten sin. Jau, der kom han, Johan-Mattis, også han med ein kjørerein i draget, den andre springande tomreipa etter. Ein traust kar å ha med seg, alltid parat til å ta eit tak. Åja, det kunne vel hende dei trengte å vere to ilag når dei i morgon kom ned til Skibotn. Folket der nede var då vennlege nok når dei for framom der til sommarbeite eller kom dit til haust- eller vintermarkedet for å handle. Men korleis ville det gå no når dei kanskje måtte smake Ordets ris for både vantru og misgjerningar? I markedstida såg det i allefall ikkje ut for at nokon hadde tanke for sin udødelege sjel og sjelens frelse - slik som brennevinet då flomma der.



*Antin-Pieti, kjent læstadianer-predikant i Lyngen-området.
Arkivfoto: Nord-Troms Museum.*

Han merke brått at det var blitt kaldt, drog lua godt nedover nakken, hekta pesken betre ihop framme, samtidig som han kraup lenger ned under skinnfellen og grenene. Som mange gonger før måtte han også no legge bekymringane sine i ei sterkare hand. Hovudet bøygde seg over pelsvottane, eit sukk steig opp, om nåde og hjelp for dei to engstelege predikantane som akkurat no kjørte inn i det landet der så stor og vanskeleg oppgåve venta dei. Men først skulle dei kvile ei natt. Fjellstua på Helligskogen var ikkje langt unna.

Tidleg neste dag var dei på vegen. Dei tre mila ned til fjorden tok ikkje lang tid. Dei var heller ikkje dei einaste framande der nede, markedsfolk hadde så smått begynt å samle seg alt. Kjørereinane blei sleppte ut på furumoane, der dei for det meste kunne finne maten sin sjølv. Soveplass for kjørerekarane blei det også ei råd med. Men husrom for eit møte ville ingen gje dei. Folk blei mistenksame. Var dei ikkje komne for å besøke markedet som anna folk? Kva ville dei eigentleg meir?

Alle forsøk på å få legge fram Ordet for desse menneska var mislykka. Dei blei snakka om dei, eit rykte spreidde seg: Desse to hadde vissnok smittsam hundesjuka, så folk måtte passe seg. Kor dei snudde seg, såg dei nokon som drog seg unna. Her var ikkje meir å utrette for dei, dei skjønnte det, men ville i det minste ha gitt folk om det så var berre eit einaste Guds-ord før dei drog. Johan-Mattis fann på råd:

Vi kan då synge ein salme! Kvenane her vil nok kjenne igjen tonane frå gamlelandet.

Han fikk rett. Begge to hadde sterk og vakker sangstemme, og no gikk dei mellom husa der og song salmar på finsk. Folk stansa forundra, følgde forsiktig etter, på god avstand. Nokre gamle kvinner batt eit tørkle framfor nasen og munnen før dei våga seg nærmare, slik at dei ikkje skulle bli smitta av den farlege sjukdommen. Men sangen ville dei høre. Etterpå fikk dei to også tale til dei som hadde samla seg, og song så ein salme til sist.

No ville dei prøve å nå folk lenger inne i fjorden. Båt kunne dei ikkje få låne, så det var å ta føtene fatt. Ein smal sti snodde seg mellom bergnabbar og storstein innover Storfjorden, følgde fjæra for det meste. Største vansken blei å komme seg over Skibotn-elva. Etter ein mildversperiode gikk ho enno med nokså stor vassføring og sterk straum, også over vadeplassen nede ved sjøen, så her held det på å gå galt. Med å støtte seg til kvarandre så greidde dei å stå imot og ta seg velberga over, våte til skinnet, men trass alt glade, dei kunne så lett ha hamna uti fjorden.

Men ei uro hang igjen i dei, etter mottakinga nede på Skibotn. Korleis ville dei no bli tatt imot i neste bygd? Kanskje var det slik at ingen ville ha noko med dei å gjøre? Lettaste utvegen hadde nok vore å dra tilbake til Sikkavoupio så snart råd var. Men så var det dette oppdraget dei hadde fått, Ordet lys til dei som sat i mørke, Guds fred til folket i desse små bygdene langs fjorden. No måtte dei ikkje miste motet, ikkje bli redd i første stormkastet, formante dei kvarandre. Det var då arbeid i Guds vingård dei her var kalla til, så fikk Han sjølv styre og leie dei dit han ville. Dei skulle berre vere lydige og gå. Om fruktene av arbeidet skulle dei ikkje spørje, det var noko som fikk komme i Herrens time. Deira sak var å vise truskap i tjenesta.

Læstadius hadde sjølv forklart for dei korleis predikanten må arbeide: Som ein samehund skal han heile dagen streve med å utføre det som herren hans befaler med reinflokken, snart her - snart der. Vel ikkje alltid med like stor glede - vel ikkje alltid med like stort tålmod, men i allefall i stadig arbeid med å bjeffe og samle. Og når det så lid mot natt, då følger han i kveldsmørket stien mot gammen - våt, tilsølt, forfrosen står han utafør og skrapar og klynkar - om husbonden kanskje vil opne døra så mye på gløtt at han kan få komme inn i varmen og lyset. Og om så skjer, ja, då skal eg vel av hjerte vere glad, var orda hans. Slik fikk det vere med dei og - det var den trufaste tjenaren som skulle få høre: Gå inn til din Herres glede!

No nærma dei seg ei ny lita grend. Små, gråe stuer med torvtak, fjøsbygg så små at dei nesten kraup ned i jorda, ved strandkanten båtar og naust. Det var Elsnes, fikk dei vite av ein mann som stampa fjæravegen oppover med store fiskehonker i hendene. Han fikk vite det han ville om dei og ærendet dei hadde, og bad dei vennleg inn til seg - til mat, varme og tørt klesskift. Her blei det tatt hand om på beste vis, både av husbonden sjølv, Mons Monsen, og familien hans.

Om kvelden heldt dei forsamling for husfolket og dei næraste ikring. Antin-Pietis varme tale hadde ein liten flokk med alvorlege og tause tilhørarar. Her var nok grobotn for ein Guds aker. Husbonden kom alt denne kvelden til tru på ordet om syndenes forlatelse, og blei slik den første i denne fjorden som dei fikk hjelpe fram til fred med Gud.

Neste dag drog dei vidare. Gikk rundt heile fjordbotnen og utover til Skogspeildalen (Elvevoll) før dei stansa opp, ei strekning på vel to mil. Her fikk dei hus hos gamle Hans Heiskel, som sjølv var av kvenslekt. Naboane fylte stua hans då dei om kvelden skulle halde forsamling, og her var det den første vekkelsen kom. På få dagar var det fleire her som kom til tru og blei Guds barn.

Etter opphaldet her ville Antin-Pieti og Johan-Mattis tilbake til Skibotn. No syntes dei å sjå at Guds ord hadde fått eit fotfeste i denne fjorden. No var oppgåva deira utført, i første omgang. Av gamle Hans lånte dei en velbrukt nordlandsbåt, slik at dei kunne ro og segle kortaste vegen tilbake til markedet og kjøreinane sine.

Men slik skulle det ikkje gå. Vel ute på sjøen fikk dei over seg ein sterk søraust-kuling som gjorde det

umogleg for dei å krysse fjorden. Uvante sjøfolk som dei var, måtte dei berre la det stå til unna veret utover fjorden. Båten blei fleire gonger mesta fylt med sjø, og dei hadde ein stri tørn før de langt om lenge hamna i Pollen, omlag to mil lenger utover fjorden. Her blei dei også tatt vel imot, no av folket på Mathis-gården. Her viste seg å være hunger etter å høre Guds ord. Bygdefolket samla seg fulltallig dag etter dag, til stor glede for dei to forsamlingshaldarane. Lovens tunge tale blei her lagt fram for dei, ord som måtte jage mennesket til Kristus. På kort tid blei det ein stor vekkelse i den lille bygda, Guds ords veldige kraft begynte å virke - begynte å føre menneska fram for nådens trone.

Etter enno nokre dagar tok dei to turen over fjorden, tilbake til Skibotn, takksame for det dei no hadde fått vere med på. Kjørereinane sine fann dei att på furumoane og drog snart opp gjennom Skibotn-dalen tilbake til Sikkavoupio. Det var god tidend dei hadde å bringe han Lars Levi: at Ordets lys hadde nådd fram til havet, at ein liten flamme hadde funne ly mellom fjellradene i Lyngen. Så ville det kanskje skje - om Gud så ville - at denne flammen kunne vekse seg sterk og derifrå eingong bli boren vidare utover - til nabo-bygdane - til nabofjordane.


EG RODDE MEG UT — JA EG RODDE MEG UT

*I natt va eg roen en tur tel Salmen,
mæns aindre sov søtt i sengehalmen.
Etter småsei eg dorga.
Mat og kaffe eg hadde i korga,
ailt hadde eg greit -
Fjeillan omkring i sjøen seg speila,
de høgste toppan mot himmelen steila.
Og småseien beit
så dorga rett ofte roint støvlan låg kveila.*

*Slik satt eg så dær og dorga og rodde,
kjeik på naturen, på plassen eg bodde.
Og kor fjorden dein blåna!
Fra folkevrimmel eg va førskåna,
- og aillslags trafikk.
Mæn skolegang gjorde at turan blei færre.
Eg veit ikkje aint - eg følte det bærre
i timan eg fikk -
Dær ute va eg så nær Vårherre.*

*Det føltes så skjønt, det å eksistere
dær ute på sjøen - filosofere
og drømme seg bort,
om kjærrest og framtid, om smått og om stort.
Eg bar kanskje preg
av midnattsola eg måtte prise
fjerr fargenyansan ho koinne vise.
Eg tenkte me meg,
ja slik må det være i Paradise.*

Tekst og illustrasjon Johan Dalheim.



*Så drakk eg opp kaffen og spiste nisten,
og rodde på lainn utpå morraskvisten.
Eg auste av båten,
la dein på drægg, mærka måsen på låten.
Dæm laga bølja
på ræstan i fjæra tel ailt va tagen.
Eg gledde meg storlig, fjerr fylles sko magen
me småseimølja
eg visste sko kokes seinar på dagen.*

*Dær ute eg faint det eg ønska å fjinne,
mæn no e det bare et ongdomsijnne.
Skru att tia eg ville -
få koinne føle at dein sto stille,
koinne drømme seg bort -
Mæn fjerr meg som fjerr aindre, det måtte ta slutt,
deinne forfædrearv, så stærk, uavbrutt,
så viktig, så stort -
Det va sjølve livet sitt institutt.*